



Arkivnr: 2018/16480-97
Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		19.06.2019

Invitasjon til presentasjon av FYEL i Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter

Samandrag

09.05.19 mottok fylkeseldrerådet, ved leiar og nestleiar, ein invitasjon frå Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter (KIS) til å halde eit innlegg i utvalsmøtet til KIS 24.05.19. Dette møtet er no utsett til 30.08.19, og invitasjonen står ved lag.

Som det stod invitasjonen er KIS

[...] en rådgivningsinstans i Hordaland som foreslår tiltak til politiske instanser og følger opp relevante saker innenfor integreringsfeltet. Formålet med utvalget er å legge til rette for gode integreringsprosesser for innvandrere i Hordaland. Utvalget består av innvandrerrepresentanter og politikere, samt byråkrater fra IMDi, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

Temaet for nemnde møte er «Alderdom og integrering», og KIS ynskjer å høyre frå FYEL om

[...] hvem dere er, hva dere fokuserer på, hvordan dere jobber, hvilket fokus dere har, hvilken tilnærming dere har, utfordringer dere møter, suksesshistorier, om dere har spesielle tiltak i forhold til eldre med flerkulturell bakgrunn, og andre saker som kan være relevante for oss som utvalg å få høre om.

Fylkeseldrerådet vert bedne om å at stilling til å om de skal halde presentasjon i møtet, og kven som eventuelt skal stille.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.